



VILTFORVALTNING



FISKEFORVALTNING



KONSEKVENSGREIING



LANDBRUK OG NÆRING

Tynningsfiske i Skrevatn Rapport 2010



Faun rapport 026-2011:

Tittel:	Tynningsfiske i Fyresdal, rapport 2010
Forfatter:	Helge Kiland og Lars Egil Libjå
Tilgang:	Fri
Oppdragsgjevar:	Fyresdal fiskefond
Prosjektleder:	Helge Kiland
Prosjektstart:	01.05.10
Prosjektslutt:	01.05.11
Emne:	Tynningsfiske med storruse etter sik i Skrevatn Verknader etter fleire års fiske
Samandrag:	Norsk
Dato:	26.5.2011
Tal sider:	11

Kontaktopplysningar Faun Naturforvaltning AS:

Post:	Fyresdal Næringshage 3870 FYRESDAL
Internett:	www.fnat.no
E-post:	post@fnat.no
Telefon:	35 06 77 00
Telefaks:	35 06 77 09

Kontaktopplysningar forfatter:

Namn:	Helge Kiland	Helge Kiland
E-post:	hk@fnat.no	hk@fnat.no
Telefon:	35 06 77 03	35 06 77 03
Telefaks:	35 06 77 09	35 06 77 09

Innhold

1	Skrevatn.....	4
2	Prosjekt tynningsfiske	4
3	Resultat.....	4
4	Vurdering	8
5	Aure.....	9
6	Konklusjon	9
7	Vedlegg	10
	Fangstskjema Skrevatn 2009.....	10

Tynningsfiske i Skrevatn 2010

1 Skrevatn

Skrevatn er ved høgste regulering 5620 da stort. Det blei regulert 4 m i 1954. Den viktigaste tilløpselva, som kjem frå Skafså er regulert i fleire omgangar. Sist gong gjennom utbygginga av Skafså 3 i 1995. Mesteparten av vatnet ligg i Fyresdal kommune, men litt av vatnet ligg også i Tokke kommune og i Kviteseid kommune.

Fram til i 1860 åra var det bare aure i vatnet. Seinare blei det sett ut sik, og fram til på 1950 – 60 talet blei sikfisket godt utnytta, særleg i området Grunnane. På slutten av 1990 talet blei det observert ørekyte i vatnet, og det blei fanga ein del ørekyte i ruser på austsida av vatnet.

2 Prosjekt tynningsfiske

På oppdrag frå Fyresdal fiskefond og Fyresdal kommune blei det i 2004 sett i gang eit prosjekt tynningsfiske i Fyresdal. Faun naturforvaltning A/S tok på seg oppdraget, som vart avslutta 1.12.2006. Målet med prosjektet er i fyrste rekke å auke talet på attraktive fiskevatn i Fyresdal.

I Skrevatn er det i samarbeid med Skrevatn grunneigarlag kjøpt inn ei storruse til tynningsfiske på sik. Rusa er 3 m høg og med 50 m lange leiegarn. Rusa er levert av Jørgen Løyte frå Drangedal. Kjell Rune og Hanne Berglie på Åmdals verk sto for kontroll og tøming av rusa både i 2004, 2005 og 2006. I 2006 var vasstanden i Skrevatn uvanleg låg i delar av sommaren, slik at rusa blei liggande på nesten tørt land i 2 månader. I den perioden blei det derfor ikkje fiska noko.

I 2007 blei det dessverre ikkje noko fiske. I 2008 blei det gjort ei avtale med Steinerskulen på Foldsæ ved Mathias Crum om tøming og kontroll av rusa. Også denne sesongen blei avkorta på grunn av at magasinet blei nedtappa i samband med revisjonsarbeid på kraftverket. Det blei heller ikkje teke ut noko av fangsten for prøvetaking.


I 2009 og 2010 har Kjell Rune Bergli igjen stått for røkting av rusa. Det er i 2010 teke i bruk ei storruse til, som også har vore sett ut i området Jønnesodden – Grunnane. Det er teke ut fisk for seinare analyse. Skrevatn grunneigarlag har stått som oppdragsgjevar for fisket. Faun Naturforvaltning har organisert oppdraget og analysert fangsten. Fyresdal fiskefond har finansiert delar av arbeidet, med stønad frå Skafså kraftverk.

3 Resultat


Det er opp gjennom åra gjort mykje prøvafiske i Skrevatn, mellom anna i regi av Foldsæ landbruksskule og Høgskulen i Telemark. Materialet finst for det meste i form av elevoppgåver og som uanalyserte data. Nedanfor er det i tabellform sett opp ein oversikt over resultatet frå dei siste rapportane frå vatnet.

Tabell 1 Fiske i Skrevatn 1993 – 2010

Undersøking	Metode	Fangst	Snittvekt sik	Snittvekt aure
Borger og Haugen, NLH 1993	Prøvefiske, flytegarn og botngarn	1164 sik (111,1 kg), 507 aurar (44,3 kg)	94 gram	87 gram
Skrevatn grunneigarlag, 1995	Flytegarn	2920 fisk	121 gram	
Skrevatn grunneigarlag 1996	Flytegarn, 22,5 og 31 med meir	8687 fiskar	79 gram	
Wraa, HiG 1998	Prøvefiske med same type garn som i 1993	349 sik, 62 aurar	79 gram	131 gram
Tynningsfiske, Bergli 2004	Storruse, 3 m høg, 1 ruse	69594 sik, 209 aurar	64,3 gram	218 gram
Tynningsfiske, Bergli 2005	Storruse, 3 m høg, 1 ruse	61675 sik, 344 aurar	64,2 gram	224 gram
Tynningsfiske, Bergli 2006	Storruse, 3 m høg, 1 ruse	21467 sik 106 aurar	65,2 gram	284,2 gram
Tynningsfiske, Crum 2008	Storruse, 3 m høg, 1 ruse	14140 sik 9 aurar	71,4 gram	266,7 gram
Tynningsfiske, Bergli 2009	Storruse, 3 m høg, 1 ruse	2798,1 kg sik 214 aurar	84,5 gram	121,3 gram
Tynningsfiske, Bergli 2010	Storruse, 3 m høg, 2 ruser	3275,5 kg sik 291 aurar	60 gram	276,9 gram




Figur 1. Sikfangst i kg i Skrevatn 2004 - 2010




Figur 2. Aldersfordeling sik frå Skrevatn 2009 og 2010


Den største siken i 2010 vog 783 gram og var 21 år gammal. Aldersfordelinga i fangsten elles viser eit større innslag av fisk som er 3 og 4 somrar gamle (2+ og 3+).



Figur 3. Fordeling av fangsten i kg gjennom året.



Figur 4. Vekst som tilbakerekna lengde i mm hos sik i Skreivatn 2009




Figur 5. Tilbakerekna lengde (til venstre) og empirisk vekst i mm hos sik frå Skreivatn 2010

4 Vurdering

Før fisket tok til å prege sikbestanden for alvor måtte ein vente at sterke årsklassar veksla med svake. Ei sterk årsklasse vil normalt redusere rekrutteringa neste år. Etter eit betydeleg fiske må ein vente at effekten av slik konkurranse innanfor arten vil vera redusert, og at dei enkelte årsklassane i sterkare grad vil vera prega av årleg avgang på grunn av fiske. Ei samanlikning mellom 2004/2005 og 2006 synes å vise at fisken var blitt yngre. Aldersfordelinga i 2009 har mykje til felles med aldersfordelinga i 2005, dvs det kan sjå ut til at eit par års mindre fiske har ført til at den endringa som blei observert frå 2004 til 2006 er delvis reversert.

Veksten i 2009 synes å ha kulminert 1 år seinare enn i 2006, ved ein alder på ca 5 år og ei lengde på nær 25 cm, mot tidlegare ca 23 cm. I 2010 er også gjennomsnittslengde ved 5 års alder ca 25 cm.



Figur 6. Alder og lengde, empirisk vekst

Kondisjonen hos siken synes å ligge rundt 0,83. Borger og Haugen (1994) fann at siken hadde ein gjennomsnittleg K-faktor ved 3 års alder på 0,73 (tabell 2).

Tabell 2 Gjennomsnittleg K-faktor i høve til alder

Alder	3	4	5	6
1993	0,73	0,72	0,72	0,71
2004	0,79	0,72	0,79	0,67
2005	0,64	0,67	0,62	0,68
2006	0,70	0,73	0,74	0,70
2009	0,79	0,82	0,89	0,85
2010	0,79	0,84	0,81	0,86

I 2010 er det eit betydeleg større innslag av fisk i den yngste aldersklassa som er fanga. Det er dette som fyrst og fremst har ført til at gjennomsnittsvekta er redusert til 60 gram. Fiskens kondisjon synes nokså unedra i høve til 2009, men betre enn åra før..

5 Aure

Fangsten av aure i storrusa var beskjeden. Det blei fiska i alt 291 aurar. Den største vog 3,5 kg. Gjennomsnittsvekta var 280 gram. Materialet er litt lite til å gje grunnlag for nokon sikker konklusjon med omsyn til utvikling.

6 Konklusjon

Utfiskingsprosjektet i Skrevatn har gitt tydelege utslag på aldersfordeling og kondisjon hos sik, men ikkje på vekt. Det er viktig at fisket får halde fram. Med det produksjonspotensialet som siken har vil ein snart vera tilbake til tidlegare tilstand dersom tynningsfisket stoppar opp. Det er rimeleg grunn til å rekne med at ein snart vil få tydelegare utslag dersom fisket får halde fram.

Sidan fisken ennå ikkje er av god nok kvalitet til å kunna omsetjast som mat, er ein avhengig av ekstern finansiering. Det er lagt ned mykje dugnadsinnsats frå fiskarane si side, og særleg

Kjell Rune Bergli har gjort ein betydeleg innsats. For å sikre prosjektet vidare framover er det derfor behov for eit større budsjett.

Fyresdal, 25.5.2011



Helge Kiland

7 Vedlegg

Fangstskjema Skrevatn 2010

Fangst i Skrevatn i perioden 16.05 - 7.10.2010

Dato:	kg sik	reg. snitt	ca. antall	kg ørret	reg. snitt	antall	Merknad
16.05.2010	0					4	
18.05.2010	19,7	73,78	267	1,5		6	
20.05.2010	29,5			1,1		6	
22.05.2010	39			1,8		4	Aure på 1,1 kg
25.05.2010	27,5			2,3		7	
28.05.2010	23			2,4		6	
30.05.2010	48,5			4,8		14	
01.06.2010	6,3						1 sik 800 gram
29.06.2010	3,3			1		7	
01.07.2010	13,6			0,4		6	
03.07.2010	17,8			0,35		4	
05.07.2010	324,2			1,2			
07.07.2010	72,5						
09.07.2010	72,5			0,75		3	
12.07.2010	118,3			3,5		22	
14.07.2010	47,6			0,7		5	
16.07.2010	23,1	56,34	410	1,5		9	
18.07.2010	72,9			1,1		7	
20.07.2010	54,6			0,4		3	
22.07.2010	57			1,4		7	
24.07.2010	35,6			0,6		4	
26.07.2010	11,7			1,1		5	
29.07.2010	13						
01.08.2010	27,9			1,2		7	
04.08.2010	22,5			0,23		2	
07.08.2010	22			1		5	
10.08.2010	29,5			0,3		3	
12.08.2010	23			1,2		8	
15.08.2010	31,3			0,2		2	
18.08.2010	32			0,15		1	
21.08.2010	24,2	55,13	439	1,9		6	
24.08.2010	92,3			1,2		6	
26.08.2010	158,5			1,2		7	
28.08.2010	104,9			0,7		2	
01.09.2010	81,1			0,4		3	
03.09.2010	68,2			0,5		2	
06.09.2010	86,2			0,15		1	
09.09.2010	161			1		4	
12.09.2010	100,4			2,9		7	

14.09.2010	118,4			0,25		1	
16.09.2010	114,4			1		5	
18.09.2010	67,4			1,5		4	
20.09.2010	88,7			2,1		7	
22.09.2010	47,6	55,93	851	1,2		3	
24.09.2010	37,4			1,5		5	
26.09.2010	59,6			1,8		9	
28.09.2010	73,5			2,1		6	
30.09.2010	43,3			1,1		4	
03.10.2010	28,7			1,8		10	
05.10.2010	31,1			8		4	3,5kg, 1,8 kg, 1,8 kg, 0,9 kg
07.10.2010	18,5			2,1		2	1,7 kg
09.10.2010	8,2			0,2		2	
12.10.2010	12,5			1,3		4	0,8 kg
15.10.2010	15,8			1,2		3	
18.10.2010	45,1			1		4	
21.10.2010	18	79,65	226	4,4		4	1,4 kg, 2,4 kg, 0,5 kg, 0,1 kg
23.10.2010	39,9			0,9		4	
26.10.2010	16,2			0,4		4	
30.10.2010	48,5			0,9		3	
02.11.2010	81,4			3,6		7	Den største på 2,5 kg
05.11.2010	27,1			0,1		1	
07.11.2010	38			0			
Sum 2010:	3275,5	60,00	2193	80,58	0,28	291	

